

SAK 48/14 PARTNARSKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, 2015 – 2016

Saksopplysning

Buskerud fylkeskommune har sidan 2004 hatt partnerskapsavtale og gjennomføringsavtale med regionråda i Buskerud. Tidlegare avtalar gikk ut i 2012, men er forlenga ut 2014. Ordninga med partnerskapsavtalar og regionale utviklingsmidlar vart evaluert i 2012. Her kjem det tydeleg fram ordninga i hovudsak har fungert godt, men at det er grunnlag for forbetringar.

Det har vore møter med dei ulike regionane for å få innspel til partnerskapsarbeidet og det konkrete innhaldet i dei framtidige partnerskapsavtalane. Med bakgrunn i tidlegare avtalar, evaluering og drøftingar med regionane er det foreslått at partnerskapsavtalane blir delt inn i tre delar med ein felles del, ein del med regionale satsingsområde som er forskjellig for dei ulike avtalane og ein tredje del som gjeld dei regionale utviklingsmidlane.

Del 1 – felles del

Fellesdelen er lik for alle regionane uavhengig av omfang og organisering. Denne delen tek for seg partar, formål, forankring, oppfølging og rullering. Det nye i denne avtala er at den utvider samarbeidsområda til også gjelde utdanning- og samferdselsområdet.

Del 2 – regionale satsingsområde

For Buskerud fylke sin del tek denne delen utgangspunkt i visjonen i regional planstrategi, eigne strategiske mål og vedtekte planar og rammer. Dei einskilte regionane har sine eigne planar for eigen utvikling. Dei fylkeskommunale føringane og føringane frå regionråda vil danne grunnlaget for forhandlingar mellom partane, som skal munne ut i regionale satsingsområde for kvar region. Desse satsingsområda vil vera ulike frå region til region. Forhandlingane er forventa slutført seinhaustes 2014.

Del 3 – regionale utviklingsmidlar

Denne delen av avtala må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sitt handlingsprogram og midlar som blir tilført Buskerud fylkeskommune frå staten, sokalla 551.60 og 551.61 midlar. Denne delen av avtala må vedtakast årleg. Del 3 av partnerskapsavtala blir fremma som sak til fylkestinget i desember i samband med handlingsprogrammet for 2015.

Partnerskapsavtala del 1 vart vedteke av fylkesutvalet 05.06.2014 (vedlegg 1). Denne avtala legg til rette for samarbeidsområda regionalutvikling, samferdsel og utdanning. Buskerud fylkeskommune ber om at partnerskapsavtala del 1 blir godkjent av det enkelte regionråd og som vil danne grunnlaget for del 2. Arbeidet med del 2 av partnerskapsavtalane er sett i gang og det er lagt opp til politisk handsaming i fylkesutvalet 22.10. Dei fylkeskommunale føringane og føringar frå dei enkelte regionane vil danne grunnlaget for forhandlingar mellom partane, som skal munne ut i regionale satsingsområde for kvar region.

Vurdering

I forhold til vidareføring av partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune syner dagleg leiar til evaluering som er gjennomført. Regionrådet for Hallingdal har vore svært positive til ordninga med partnerskapsavtala mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, noko som og er tydeliggjort gjennom den evaluering som vart utført. Det er og positivt at ny partnerskapsavtale blir utvida til også å gjelde samferdsel og utdanning, noko Regionrådet for Hallingdal ved fleire høve har teke til orde for.

Partnerskapsavtala er også tydelegare enn før på del 2 om regionale satsingsområde.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek partnerskapsavtale med Buskerud fylkeskommune for 2015 og 2016 del 1 - felles del.
2. Regionrådet for Hallingdal vedtek skisse til del 2 – regionale satsingsområde og forventar at det vil bli teke omsyn til regionrådet sine prioriteringar.
Strategisk plan for Hallingdal 2013-2016, vedteke i Hallingtinget 26.10.2012 er lagt til grunn for følgjande prioriteringar.
 - Bukvalitet (bulyst/blilyst), Hallingdal 2020
 - Kommunikasjon, veg, bane, inkl. kollektivtrafikk og trafikktryggleik, breiband
 - Kompetanse
 - Utvikling av tilbud vgs i nært samarbeid med Hallingdal
 - Permanent desentralisert høgskuletilbod, fjellfagskule
 - Karrieresenter
 - Reiseliv
 - Støtte opp om felles reiselivsselskap for Hallingdal
 - opplevingar
 -
 - Utvikle næringsklynger, veksthus
 - Folkehelse (eige prosjekt i samband med samhandlingsreforma)

Ål 22.9.2014

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Utkast til partnerskapsavtale 2015 - 2016, del 1 og del 2.

Partnerskapsavtale

2015 – 2016

mellom
Buskerud fylkeskommune
og
Region HALLINGDAL

Buskerud fylkeskommune

Region HALLINGDAL

Dato: _____

Dato: _____

Sign: _____
Morten Eriksrød
Fylkesordfører

Sign: _____
Tony Arild Kjøl
Ordfører HOL

Sign: _____
Ivar Brevik
Ordfører ÅL

Sign: _____
Hallvor Lilleslett
Ordfører i Gol

Sign: _____
Oddvar Grøthe
Ordfører i Hemsedal

Sign: _____
Tor Magnussen
Ordfører i Nes

Sign: _____
Tor Egil Buøen
Ordfører i Flå

Avtalen vil bestå av:

- Del 1: Partnerskapsavtale 2014-2015, likelydende del for alle regioner
- Del 2: Regionale satsingsområder 2014 og 2015, individuell del
- Del 3: Regionale utviklingsmidler 2015, likelydende del for alle regioner

1: Partnerskapsavtale 2015-2016

Del 1 er en felles del av partnerskapsavtalen mellom Buskerud fylkeskommune og alle regionrådene/kommunesamarbeidet og dekker den generelle delen av avtalen.

1. Avtalepartnere

Partnerskapsavtalen er inngått mellom Buskerud fylkeskommune og regionrådet. Avtalen er først gyldig når den har vært oppe som egen sak i fylkesutvalg og regionråd og er signert av ordførerne.

2. Formålet med avtalen

Partnerskapsavtalen skal bidra til utvikling av hele fylket i et bærekraftig perspektiv. I fellesskap skal fylket utvikles til et velfungerende samfunn hvor det er godt å bo, leve og jobbe.

Denne avtalen tilrettelegger for samarbeidsområdene regionalutvikling, samferdsel og utdanning.

Avtalen skal bidra til synlige resultater gjennom dialog, konstruktivt engasjement, forenkling, effektivisering og samarbeid. Målet er aktivt å gjøre nytte av hverandres kompetanse og oppnå større grad av erfaringsutveksling.

Partnerskapsavtalen skal legge til rette for et langsiktig samarbeid mellom regionen og fylkeskommunen.

3. Forankring

Avtalen er basert på nasjonale føringer, samt fylkeskommunens vedtatte planer og strategier og regionrådets egne planer og satsingsområder.

4. Oppfølging av avtalen

- Tiltak skal være forankret hos begge avtaleparter.
- Regionrådet utpeker en person som er ansvarlig for oppfølging av avtalen.
- Buskerud fylkeskommune utpeker en person som er ansvarlig for oppfølging av avtalen.
- Fylkestinget utpeker to fylkestingsrepresentanter til hver region.
- De utpekte fylkespolitikerne for regionen og de administrative regionkontaktene i Buskerud fylkeskommune kan møte i regionrådet med tale- og forslagsrett.

5. Årlige drøftingsmøter

Administrative drøftingsmøter avholdes en gang i året for å gjennomgå fjorårets arbeid og for å drøfte neste års mål.

Ved behov tilrettelegges det for drøftingsmøter mellom fylkesutvalget og regionrådet hvor viktige samarbeidsområder i regionen kan diskuteres.

6. Rullering, 4-årig evaluering og endring av avtalen

Rullering.

Rulleringen av partnerskapsavtalen innenfor avtaleperioden skal senest igangsettes 1. august året før avtalen går ut, dvs. 1.8.2016. Ny avtale skal være sluttbehandlet av alle involverte parter senest ved årets utgang i 2016.

Evaluerings.

Før ny 4-årig partnerskapsavtale sluttbehandles skal det foretas en evaluering av gjeldende avtale. Evalueringen skal bestå av en politisk del, hvor regionrådene/kommunesamarbeidet møter de utpekte fylkestingsrepresentanter, og en administrativ del, hvor praktiske forhold knyttet til avtalen evalueres.

Endring.

Dersom en av avtalepartnerne ønsker å endre avtalens innhold i avtaleperioden skal endringene være sluttbehandlet før 1. november året før endringen skal tre i kraft.

2: Regionale satsingsområder 2015 og 2016

Prioriterte arbeidsområder er basert på de enkelte regioners planer og satsinger med utgangspunkt i regionale fortrinn, muligheter og utfordringer, samt de strategiske innsatsområdene i fylkeskommunen. Gjennom dialog, partnerskap og samarbeid kan tiltak planlegges slik at regionenes potensiale utnyttes best mulig.

Buskerud fylkeskommune

Fylkeskommunens utgangspunkt for aktivt engasjement i den enkelte region er den nedfelte visjonen i Regional planstrategi for Buskerud 2013-2016:

"Et bærekraftig og innovativt Buskerud som fremmer næringsutvikling og bolyst."

Strategiske mål

De strategiske målene for perioden 2014-2017 er:

1. Buskerud skal være et attraktivt sted for bosetting og arbeid, der fylkeskommunen bidrar med gode tjenester til befolkningen.
2. Fylkeskommunen skal stimulere til bærekraftig utvikling av Buskerudsamfunnet.

To hovedfokus

Buskerud fylkeskommune har to sentrale oppgaveområder; tjenesteproduksjon og lokal samfunnsutvikling.

Målene knyttet til tjenesteproduksjon er knyttet til videregående opplæring, tannhelse og samferdsel. Målene knyttet til rollen som samfunnsutvikler og regional utviklingsaktør er knyttet til regionale utviklingsoppgaver, samordningsansvar gjennom regional planlegging og samhandling med andre aktører om felles mål.

Region HALLINGDAL:

Kommuner:

Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nes, Flå

Satsingsområde:

Strategisk plan for Hallingdal 2013-2016, vedteke i Hallingtinget 26.10.2012 legges til grunn for prioriteringer.

- Bukvalitet (bulyst/blilyst), Hallingdal 2020
- Kommunikasjon, veg, bane, inkl. kollektivtrafikk og trafikktryggleik, breiband
- Kompetanse
 - Utvikling av tilbud vgs i nært samarbeid med Hallingdal
 - Permanent desentralisert høgskuletilbod, fjellfagskule
 - Karrieresenter?
- Reiseliv
 - Støtte opp om felles reiselivsselskap for Hallingdal
 - opplevingar
- Utvikle næringsklynger, veksthus
- Folkehelse (eige prosjekt i samband med samhandlingsreforma)

SAK 48-14, VEDLEGG 1

Særegenhet:

Mål 2015/16: